



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1449 - 18/12096

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

01.06.2018

## Høyring - dispensasjon frå LNF-føremål og strandsoner for frådelling av parsell på gbnr 9/1 Hjertås Meland kommune

### Saka gjeld :

Det vert vist til søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen for Meland kommune pkt.3.1 LNF og pkt.1.6. Byggegrense mot sjøen, jf plan- og bygningslova § 19-2, for frådelling av parsell med påståande bustad på gbnr 9/29 på Hjertås i Meland kommune.

### Planstatus:

Eigedomen er uregulert og ligg i område avsett til LNF-føremål ifølgje kommuneplanen for Meland kommune med plan ldnr 125620100003, vedtatt 09.11.16. Område ligg innafor byggegrense mot sjøen på 100 m.

### Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå tiltakshavar søkt om dispensasjon for frådelling av parsell med påståande bustad i skriv av 27.05.18, sjå vedlegg.

For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

### Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19- 2 :

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.

I § 1-1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: *Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.*

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal-og samfunnsplanavd., Hordaland Fylkeskommune, Statens vegvesen før det vert gjort vedtak i saka.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Larissa Dahl  
Konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon frå arealformål

GBNR 9/1 Hjertås Søknad om frådelling av parsell til eksisterande bustad

Kart

Kart

Nabovarsel

Avtale om vann og avløpsledning

bilder

**Kopi til:**

Kjell Kallestad Stople

Hjertåsvegen 47 5918

FREKHAUG

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Laila Bjørge			
Statens vegvesen Region vest	Region vest	6861	LEIKANGER